

MASFJORDEN KOMMUNE

Teknisk, miljø og landbruk

KLAGE PÅ, OG KRAV OM OPPHEVING AV DELEGERT ADMINISTRATIVT VEDTAK I SAKNR: 021/2023.

Det vert vist til skriv av 21.02.23 med overskrifta; «melding om delegert vedtak: Søknad om skadefelling av hjort på Haugsvær».

Ved første augnekast trudde eg Store Matre hjortevald mottok skrivet til orientering – sidan overskrifta slo fast: skadefelling av hjort på Haugsvær. Ved seinare gjennomlesing vart det klart at saka gjeld Store Matre hjortevald.

Kva saka gjeld:

Masfjorden kommune har ved eit administrativt vedtak gjeve løyve til felling av inntil 2 dyr av kronhjort som omsøkt på Matre i Matresdalen gnr. 49 bnr. 1.

Leiar av Store Matre hjortevald kjende ikkje til verken søknad, synfaring, sakshandsaming eller vedtak før kopi av vedtaket vart sendt (berre) gjennom e-Boks-no.

Nokre av grunneigarane har vore kjende med problemet med hjort som gjer skade på rundballar i Matresdalen, men ikkje at det var søknad til handsaming i Masfjorden kommune.

Kvifor vert det klaga på, og gjort krav om at vedtaket må opphevast:

- Det går ikkje fram av vedtak /saksutgreiing kven som har sendt søknaden.
- Kopi av søknaden er ikkje lagt ved vedtaket og er såleis ikkje gjort kjend for Store Matre hjortevald.
- Overskrifta gjer det klart at skadefellinga gjeld «på Haugsvær» - noko som ikkje er tilfelle.
- Valdansvarleg på Store Matre (og dei to andre grunneigarane) har ikkje vore orientert av Masfjorden kommune i høve at kommunen handsama ein søknad om skadefelling av hjort i Matresdalen.
- Det har vore halde synfaring av administrasjonen i kommunen saman med nestleiar i Teknisk Utval. Leiar av Store Matre hjortevald var ikkje informert om, eller invitert til synfaringa.
- Det går ikkje fram av vedtaket KVEN som kan stå for felling av skadedyr.

- I vedtaket går det fram at fellingsløyve gjeld på gnr. 49 bnr. 1. Betyr det at dyra berre kan fellast på dette bruket, og ikkje andre stader på innmark eller i valdet?
- Det går ikkje fram av vedtaket om det først har vore vurdert å flytta rundballane til eigar sin lokalitet på Haugsvær i staden for å gjera eit inngrep i forvaltninga av hjortestammen ved å gje fellingsløyve ved midlertidig førlager i Matresdalen. Det vert her vist til § 18 andre avsnitt i Naturmangfaldlova: «Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse **og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.**»
- Ein føreset at klagefristen ikkje overskride grunngjeve med
 - Overskrifta i vedtaket seier at det gjeld Haugsvær – noko som gjorde at ein ikkje skjønna at det vedkom Store Matre hjortevald direkte.
 - Vedtaket er berre sendt gjennom e-boks.no, og ikkje som brev i ordinær post.

Oppsummert:

I dette skrivet er det peika på det som underteikna meiner er klare sakshandsamingsfeil i kommunen sitt delegerete administrative vedtak.

Me har her ikkje gått inn på ei vurdering om det skulle vore gjeve fellingsløyve dersom ordinær sakshandsaming hadde blitt føljt i dialog med Store Matre hjortevald.

Det vert med dette:

1. klaga på administrativt vedtak – saknr: 021/2023 ut frå grunngjevinga over.
2. sett fram krav om at vedtaket vert oppheva – grunna momenta gjeve i dette skrivet.
3. ved eventuelle seinare søknader om skadefelling av hjort på Gnr 49, føreset ein at sakshandsaminga vert gjort i dialog med Store Matre hjortevald.

Matre, 16. mars

Med helsing

Arnold Matre
Leiar Store Matre hjortevald